



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 35/2019

Møtedato: 20.11.19

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

S548, Strø – søknad om mindre grensejustering.

Stølsbrukaren søkjer om å få gjerde inn ei mindre område framfor stølshusa og eit lite område nord på stølsjordet, jf. kartskisse. Stølen er i drift og søkjaren driv med sau.

Kart der tillegg er markert med svart strek.



Arealet framfor stølshusa på litt over 0,5 daa er for hindre beitedyr heilt innpå stølshusa og for å bruke området i samband med sanking av sau. sankinga. Arealet nord på jordet på litt under 0,2 daa er for minske snøbelastning på gjerdet, dette må no takast ned kvart år.

Utvising av tilleggsjord er regulert i § 20 i stølsforskrift:

Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan. Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka framfor kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.

Mindre grensjusteringar har normalt ikkje vorte lagt ut til offentleg ettersyn. Der det kan interessekonflikt med naboar kan det likevel vera aktuelt. Det kan vera forhold til rekslevegar m.m. her som ein ikkje kjenner til. Søknaden bør derfor leggjast ut til offentleg ettersyn og at stølsnaboar S543/549 og festennr. 407 blir orientert.

Landbruksforvaltninga i kommunen tilrår søknaden.

Statskog skriv i e-post datert 27.8.19 at ein ynskjer å ta ei synfaring før det blir gjeve løyve til inngjerding.

Vedtak i sak 28/19:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn og sender varsel til stølsnaboar S543/549 og festennr. 407.

Søknaden har lege ute til offentleg ettersyn i tida – 10.10.19 .Det har kome to merknader

Følgjande uttale har kome frå stølsnabo S543, Ole Høyne:

Merknad sak nr 28/2019 - S548, Strø – søknad om mindre grensejustering

Område på øversida av støl ingen hindring, men avset høveleg med plass mot privat veg og stølsvegen nedover.

Arealet mot nord går eg sterkt imot.

Dette på grunn av at reksleveg for dyr og folk vart stengt for ein del år tilbake ved at gjerde vart flytta. Vedlagte bilete frå ca. 2007 viser gamal reksleveg opp langs bekken. Rekslevegen gjekk då mellom der trådgjerde står på bilete og restene av den gamle muren til høgre på biletet, sett nedanifrå. Dette var ein naturleg veg for dyr og folk når dei kom frå nord, langs nedre stig, myra og fjorden.

Dette håpar eg no blir retta opp (det har vore drøfta muntleg med fjelloppsynet tidlegare) og at gjerde blir flytta tilbake der det var ved tidlegare mur, slik at rekslevegen blir open att, vist med stipla linje på bilete.

Slik kjem gjerde lengre frå haugen og det vil difor ikkje drive så ned med snø om vinteren og problemet er difor løyst.

Følgjande uttale har kome frå hyttenabo F407, Berit Ingrid Høyne:

Jeg har forståelse for at Stee ønsker å gjerde inn tunet ved stølen. Det omfatter den gamle vegen som gikk langs gjerdet, men den nye vegen erstatter denne.

Som hytteeier (feste nr. 407) er jeg uenig i siste flytting av gjerdet i nordenden av jordet. Gjerdet der ble flyttet for noen år siden. Det ble da flyttet slik at det hindret dyr og mennesker å gå langs bekken. Det er en stor stein og mye brisk i skråningen der. Ytterligere flytting av gjerdet vil totalt stenge for fremkomst langs bekken.

Tidligere gikk kyr og sauer ofte og beitet opp langs bekken.

Som hytteeier har jeg med glede sett fiskere og turgåere gå den stigen langs bekken. De viste hensyn til folk som satt ute på tuncet og valgte derfor ikke stigen som går rett opp og gjennom tuncet mitt. Hensynsfullt!

Jeg håper derfor at gjerdet flyttes tilbake til opprinnelig plass og ikke blokkerer viktig stig for både dyr og folk.

Statskog og fjelloppsynet var på befaring i Strø den 2.10.19 saman med søkjar Endre Stee og stølsnabo Ole Høyne.

Statskog skal godkjenne inngjerding og Statskog har den 10.10.19 godkjent inngjerding slik det går fram av kart:



Endre Stee skriv følgjande i e-post datert 3.10.19 :
ref. synfaring den 2. oktober.

Eg trekk søknad om justering i nordenden av jordet, og let gjerdet gå der det går i dag.

Resten av søknaden med inngjerding rundt stølen står ved lag.

Gjerdet i nordkant er flytta, men det kan ikkje dokumenterast når dette har skjedd. Nettsida www.norgebilder.no har flyfoto som går tilbake til 1965, neste foto er frå 2004. Det ser ut til at gjerdet er flytta ein gong mellom 1965 og 2004. Om gjerdet vart flytta for 50 år sidan er det vanskeleg å påleggja flytting. Kunne ein dokumentere flytting i seinare tid, vore det naturleg å krevja flytting av gjerdet.

Flyfoto viser at det i 1965 var stig frå Strøstjednet og gjennom hyttetunet til F405. I følgje matrikkelen er festet etablert 1.1.1965. Sidan festet vart plassert der det var etablert stig ned til Strøstjednet, må ein akseptere at stigen blir brukt i dag. Dette vil også gjera det umogeleg å kunne gjerde inn festet om det skulle koma søknad om det i framtida.

Søkjar har trekt søknad om inngjerding mot festet og nabostøl. Det er ei god løysing for stølsbrukaren å få gjerda inn området med tanke på sanking av sau.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret finn å godkjenne mindre grensjustering mot stølsvegen slik det går fram av kart frå Statskog datert 10.10.19.

Krav om justering av grense mot F407 og S543 er det ikkje dokumentert endringstidspunkt og fjellstyret vil derfor ikkje krevja at gjerdet blir flytta.

Vedtak:

Fjellstyret finn å godkjenne mindre grensjustering mot stølsvegen slik det går fram av kart frå Statskog datert 10.10.19.

Krav om justering av grense mot F407 og S543 er det ikkje dokumentert endringstidspunkt og fjellstyret vil derfor ikkje krevja at gjerdet blir flytta.

Vedtaket er samrøystes.

Vedtaket er eit enkeltvedtak jf. forvaltningslova og det er klagerett over vedtaket.

Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.11.19

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Søkjar
Statskog
Vestre Slidre kommune
Ole Høyne
Berit Ingrid Høyne